

# VÅR POLITIKK

## for heile Kviteseid

**Senterpartiet vil byggje samfunnet nedanfrå. Vi vil arbeida for eit samfunn der menneske kan utvikle seg fritt, ta ansvar for eige liv, for fellesskapet og for naturen. Senterpartiets verdigrunnlag er den kristne og humanistiske kulturarven.**

### **Barn og oppvekst – det som skaper framtida**

For å sikre levande bygder også om 20-30 år må ein prioritere barn og unge, det er dei som skaper framtida. Ein trygg oppvekst, med godt læringsmiljø, tilpassa eit moderne samfunn er det me skal jobbe for. Senterpartiet vil:

- Utvide kapasiteten ved Kviteseid Barnehage
- Sikre at SFO fortsatt har sommarope i juni og august
- Jobbe for at det blir tilsett ein barne- og ungdomsarbeidar i Kviteseid kommune
- Styrke arbeidet med å skape ein trygg og god skulekvardag for alle.
- Syte for at elevar og lærarar har dei ressursane som trengst i eit digitalisert samfunn
- Legge til rette for nye fritidstilbod i samarbeid med ungdommen og «det frivillige».
- Sikre eit godt psykososialt team ved skulen og auke fokus på bruk av pedagogisk-psykologisk teneste (PPT).
- Arbeide for eit godt skule- og oppvekstmiljø.
- Jobbe for å sikre at Kvitsund kan halde fram med same eller auka aktivitetsnivå, dessutan at den eksisterande VGS-strukturen i Vest-Telemark held fram.

### **Attraktiv bustadpolitikk – liv i kvart hus**

Senterpartiet har som mål å legge til rette for ein god bustadpolitikk, der folk kan bu og trivast i det miljøet dei ynsker. Skal ein få fleire unge til å etablere seg i kommunen, er det avgjerande å ha tomter og hus tilgjengeleg. Senterpartiet vil:

- Løyve tilskot til bygging av bustad og gjere det enklare å bygge spreidd
- Legge til rette for fleire leilegheiter i Kviteseid-Byen og andre sentrumsområde
- Evaluere «konsesjonsgrense null».
- Jobbe for at fleire tar i bruk hytta som heilårsbustad.
- Styrke buplikta på landbrukseigedomar
- Ta initiativ til eit nytt «småbruksprosjekt» - der ein identifiserer småbruk og koplar desse med kjøparar.

### **Eit yrande næringsliv – fokus med ringverknadar**

I næringsarbeid er ein avhengig av å jobbe langsiktig, med klare mål og eit sylskarpt fokus,

slik at ein får mest mogleg ut av ressursen ein har. Ved å fokusere og skape vekst i nokre næringar vil ein få ringverknadar og vekst i næringslivet generelt. Senterpartiet vil:

- Jobbe meir fokusert med reiseliv, IKT og primærnæringsar for å skape vekst og sysselsetting i kommunen.
- Sikre rammene til Telemark Næringshage, også etter at næringshageprogrammet vert avslutta i 2021, ved bruk av kommunale næringsmidlar
- Vidareføre og styrke det kommunale næringsfondet
- Legge til rette for utbygging av Vest-Telemark Næringspark, for å sikre vekstpotensialet til verksemdene der.
- Utnytte innkjøpskrafta til kommunen, ved å kjøpe lokale produkt og tenester.
- Legge til rette for ny vasskraftproduksjon og bruk av solenergi i privat regi
- Sjå til at kommunen har tilgjengelege industriområde.
- Jobbe for dekking av breiband i heile kommunen

## **Blomstrande nærmiljø**

Gode lokalsamfunn skal gje folk tryggleik, identitet og opplevinga av å «høyre til». Senterpartiet vil:

- Halde fram den gode eldrepolitikken og oppretthalde dagens gode tilbod.
- Følge opp integreringsarbeidet og ivareta flyktningane me har tatt i mot.
- Støtte opp om arbeidet som vert gjennomført av frivillige lag og foreningar.
- Styrke frivilligkoordinatoren og jobbe for å etablere ein frivilligsentral
- Ha årlege møte med frivillige organisasjonar og grendene
- Sikre gode helsetenester uavhengig av bustad
- Oppretthalde eit aktivt kulturliv i heile kommunen

## **Aktiv påverknad – liten men kraftfull**

Det er mange forhold i lokalsamfunnet som eit kommunestyret ikkje rår over. Me vil arbeide gjennom partiet på regionalt og nasjonalt nivå, dessutan direkte mot offentlege og private aktørar for å påverke prosessar i ein positiv retning. Senterpartiet vil:

- Jobbe for å oppretthalde og styrke domstolane i Øvre-Telemark
- Jobbe for å betre trafikktryggleiken på Riksveg 41.
- Betre polititenestene, og jobbe for å få større bemanning ved lensmannskontoret
- jobbe mot kutt i «posten»
- Arbeide for å etablere nye statlege arbeidsplassar

## **Lokalt demokrati**

- Gjere politikken meir tilgjengeleg, blant anna gjennom rullerande medlemsmøte i heile kommunen.
- Samarbeide med andre kommunar der det er tenleg.
- Få dei politiske prosessane meir opne for innbyggjarane.

## **Ansvarleg styring**

- Gje tilsette tillit og ansvar, utan detaljstyring
- Jobbe for at kommunen skal vera ein trygg og gjennomsiiktig arbeidsgjevar, som

inkluderer og tek tilsette med i viktige prosessar

## **Klima og miljø**

- Aktivisere skogbruksnæringa, for å auke avverkinga og skogkulturarbeidet
- Stimulere til ENØK-tiltak i alle offentlege bygg
- Legge til rette for mjuke trafikantar
- Etablering av fleire ladepunkt
- Ta vare på matjorda